



Referat frå landsmøte i Norsk namnelag 2024

Torsdag 28.11.2024, seminarrom 4 i Sophus Bugges hus, Blindern, Universitetet i Oslo.

Møtet var sett kl. 16.30. 20 personar var til stades. Møtet vart arrangert rett etter dugnadsgruppa *Framtidas onomastikk* under MONS 20.

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart publiserte på nettsida til Namnelaget 28.10.2024 og samtidig sende på e-post til medlemene vi har e-postadresse til. Dessverre manglar vi e-postadresse til mange av medlemene. Oppfordringa frå styret er derfor at alle melder e-postadresse til Terje Larsen, som melder vidare til Novus, som fører medlemsregisteret.

Endring i høve til utsendt sakspapir: Punkt 5, framlegg til nye vedtekter: Dei gamle vedtektene skilde ikkje mellom enkeltmedlemer og institusjonsmedlemer. Dette er foreslått endra no. Sjå punkt 5.

Innkallinga og saklista vart godkjende.

2. Val av møteleiar, referent og to til å underskrive protokollen

Leiaren Terje Larsen vart vald til møteleiar, nestleiar Anne Svanevik til referent. Tom Schmidt og Berit Sandnes vart valde til å underskrive protokollen.

3. Verksemda i Norsk namnelag 2022-2024

Terje Larsen las opp treårsmeldinga 2022 – 2024 datert 24.10.2024, publisert på nettsida og vedlagd som sakspapir til innkallinga til landsmøtet.

Tillegg (skjedd etter at treårsmeldinga vart skriven):

Peder Gammeltoft, Universitetet i Bergen, har meldt til Namnelaget v/leiaren at ein arbeider med å få oppretta faste stillingar i namnegransking ved Språksamlingane/UiB. Leiaren har skrive støttebrev på vegner av Namnelaget. Møtedeltakarane støtta dette og påpeikte viktigheita i at det vert forska og undervist i namnegransking ved universiteta og høgskulane – anten som eige emne eller innlemma i nordisk-faget.

Leiaren gav honnør til Botolv Helleland for å ha stått som ansvarleg redaktør for Nytt om namn i alle 40 åra, 75 nummer. Landsmøtet applauderte.

Ei Facebook-side Norsk namnelag er oppretta i dag i tillegg til Facebook-gruppa. Sida skal vere ei orienteringsside om det som går føre seg innanfor namnegranskinga i Norden. Oppfordring om å dele denne sida.

Treårsmeldinga vart godkjend.

4. Rekneskap og økonomi

Laget har to åtskilde økonomiar: 1) To konti i Nordea bank. Behaldning pr. i dag 394 kr og 58.094 kr. 2) Behaldning i Novus forlag. Novus forlag står for kontingentinnkrevjinga og utgjevinga av Namn og nemne, medan utgiftene til trykkinga av Nytt om namn, nettstaden o.a. går frå Nordea.

Etter at trykkestøtta frå Forskingsrådet til utgjevinga av Namn og nemne opphøyrde frå og med nr. 33 (2016), samstundes som medlemstalet har gått kraftig ned, har økonomien vore anstrengt. Frå 2024 og tre år framover har Namn og nemne fått trykkestøtte på 105.000 kroner pr. år frå *Norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap*, og dette har ført til at økonomien er bra dei nærmaste åra. Men laget må arbeide for å bygge opp kapitalen.

Rekneskapen for pengane i Nordea bank er så langt ikkje revidert av vald revisor Tom Schmidt. Landsmøtet meinte revisjon er viktig, sjølv om det er ei grei og enkel rekneskap. Pengane er berre brukte til Nytt om namn og tilskot til veneskriftet til Ivar Utne. Det er bestemt at vi skal ha revisor, og revisjon fritar styret for eventuelt ansvar i ettertid. Leiaren syter for revisjon.

Rekneskapen vart godkjend.

5. Framlegg til nye vedtekter

Framlegget til nye vedtekter, som vart sendt ut til landsmøtet, inneheld fleire endringar samanlikna med gjeldande vedtekter. Følgjande endringar vart spesielt nemnde på møtet:

1) Gjeldande vedtekter skil ikkje mellom individuelle medlemmer og institusjonsmedlemer. Gjeldande punkt «3. Medlemskap. NNL har berre individuelle medlemmer. Organisasjonar og institusjonar vert rekna som einskildmedlemer.» Når styret no gjer framlegg om auke i lagspengane for institusjonsmedlemer (sjå punkt 6 nedanfor), må vedtektene endrast. Framlegg til endring: "Både einskildpersonar, organisasjonar og institusjonar kan bli medlem av NNL. Alle vert medlem når dei tingar Namn og nemne."

2) Styret føreslår også endring i punkt 4. Landsmøtet (sjå framlegget til nye vedtekter sendt ut som sakspapir): Landsmøtet skal haldast annakvart år (nogjeldande kvart tredje år) eller når styret eller minst 1/10 av medlemene ynskjer det (nogjeldande styret eller minst 50 medlemmer). Innkallinga skal kunngjerast i meldingsbladet og på nettstaden seinast to månader (nogjeldande minst ein månad) i førevegen.

Det kom ingen innvendingar mot desse to endringane eller endringane som ikkje vart nemnde på landsmøtet.

Alle endringane vart dermed godkjende av landsmøtet.

Leiv Olsen peikte på at innkallinga til landsmøtet bør gje ein frist for kommentarar til framlegg til vedtektsendringar.

6. Lagspengar

Sjå punkt 5 ovanfor. Grunngevinga for endringa i lagspengane for institusjonsmedlemer (frå 300 til 600 kr) er den økonomiske situasjonen. Vi treng pengar.

Endringa i lagspengar vart godkjend.

7. Tidsskriftet Namn og nemne

I perioden sidan siste landsmøte i 2021 har Namn og nemne kome ut med tre nummer: Namn og nemne 38 – 2021 (186 sider), Namn og nemne 39 – 2022 (236 sider) og Namn og nemne 40 – 2023 (157 sider). Redaktørar for årgangen 38 var Vidar Haslum, Ole-Jørgen Johannessen, Gudlaug Nedrelid og Tom Schmidt. Redaktørar for årgangane 39 og 40 har vore Ivar Berg og Tor Erik Jenstad. Heile årgang 39 (2022) byggjer på konferansen *Stadnamn – språk, historie og landskap. Namnevitenskapen i går, i dag, i morgon*, som vart halden i Bergen 27.–28. oktober 2021 i høve 100-årsjubileet for Norsk stadnamnarkiv.

Alle årgangane er no allment tilgjengelege på Nettbiblioteket/Nasjonaltbiblioteket. Årgangane 2002–2014 og innhaldslista for årgangane før 2002 og årgangane 2015, 2016 og 2017 ligg på heimesida. Årgangane frå og med 33 (2016) er også tilgjengelege på heimesida til Novus forlag, som tok over utgjevinga frå og med 35 (2018).

Ingen av redaktørane var til stades på landsmøtet. Men dei har meldt at stofftilgangen til tidsskriftet er bra.

Ole-Jørgen Johannessen ønskte å presisere at den nye redaksjonen har fått ein fin oppstart. Han meinte Namnelaget bør jobbe for å gjere Namn og nemne enda meir kjend, og foreslo å sende eitt nummer av tidsskriftet til den store flokken som var til stades på dugnadsgruppa *Framtidas onomastikk* her på MONS i dag. Vidare gav han honnør for at Namn og nemne held seg gåande i papirformat.

8. Meldingsbladet Nytt om nam

I treårsperioden har Nytt om namn kome ut med tre nummer: 71/72 – 2020/2021 (92 sider), 73/74 – 2022/2023 med rapport frå Fagdagen om stadnamn i Språkrådet 27. oktober 2022 (94 sider) og 75 – 2023 (78 sider). Botolv Helleland har vore redaktør, og hadde med seg Gudmund Harildstad og Terje Larsen i redaksjonen for 71/72 og Wen Ge og Terje Larsen i redaksjonen for 72/73 og 75. Nummera 71/72 og 73/74 har med ein namnebibliografi for året før. Alle årgangane er no allment tilgjengelege på Nettbiblioteket/Nasjonaltbiblioteket.

Av kostnadsomsyn vurderer styret å gå over til berre digital utgåve. Redaktøren Botolv Helleland las opp det han har tenkt å skrive i neste utgåve om dette. Tom Schmidt roste Botolv for å ha fått Universitetet i Oslo til å koste porto til utsendinga i alle år.

Korleis tenkjer ein seg den nye Facebook-sida (sjå punkt 3 ovanfor) saman med Nytt om namn? Skal ein hente opp namneartiklar? Dette er ikkje bestemt, men må sjåast i samanheng med den nye nettsida og utsending av nyheitsbrev.

9. Nettsida

Ellen Marie Lund Foldal tok over som nettredaktør etter landsmøtet 2021, men ønsker no avløyning. Heimesida har vorte oppdatert og utvida med ujamne mellomrom. Trass i oppmodingar til medlemene om å sende inn stoff, skjer det i liten grad.

Som nemnt ovanfor, har styret begynt arbeidet med å oppdatere og fornye nettsida. Alt innhald er gjennomgått og ein del endringar er gjorde. Styret har sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med oppdateringa, og også sjå på ei eventuell digitalisering av Nytt om namn (sjå punkt 8 ovanfor). Med i gruppa er Ingvil Nordland (leiar), Ellen Marie Lund Foldal (p.t. nettredaktør), Egil Sølvberg, Wen Ge og Randi Melvær.

Vi har også begynt å sende ut nyheitsbrev, men eit problem er at vi manglar e-postadresser til mange av medlemene (sjå punkt 1 ovanfor).

Tanken er at Nytt om namn skal fortsette på nettsida.

Vi treng gode innspel til nettsida, både innhaldsproduksjon, nyskrivne tekster mm.

10. Val av styre, redaksjonsmedlemer og revisor

Valkomiteen har bestått av Ingvil Nordland, Gunnstein Akselberg og Karsten Lien, med sistnemnde som leiar.

Karsten Lien las opp innstillinga frå komiteen. Det har vore eit mål å få inn folk frå personnamnsida. Alle framlegga vart vedtatt ved akklamasjon:

Leiar: Terje Larsen, Hokksund (attval)

Nestleiar: Anne Svanevik, Oslo (attval)

Styremedlemer: Gunnstein Akselberg, Bergen (attval), Berit Sandnes, Trondheim (ny), Ingvil Nordland, Ås (ny), Ivar Utne, Bergen (ny)

Varmedlemer: Åsmund Christenson, Trondheim (ny), Karsten Lien, Hønefoss (attval), Frode Myrheim, Aurskog-Høland (attval)

Redaksjonen for Nytt om namn: Botolv Helleland, Oslo, redaktør (attval), Terje Larsen, Hokksund, redaksjonssekretær (attval)

Redaksjonen for Namn og nemne: Tor Erik Jenstad, Trondheim (attval), Ivar Berg, Trondheim (attval)

I tillegg vart Tom Schmidt, Oslo, vald som revisor.

11. Arbeidet framover: Korleis kan Norsk namnelag bidra til å synleggjere namnefaget?

Dei siste åra har medlemstalet i laget stadig gått ned. Kva kan vi gjere?

Innspel:

1) Reklamere for laget for studentar. Honnør til Ivar Berg og Stian Hårstad som har «snike» inn namnegransking i undervisinga i nordisk ved Universitetet i Trondheim, jf. foredraget i dugnadsgruppa *Framtidas onomastikk* på MONS 20 i dag.

Ole-Jørgen Johannessen: Påverke fleire institusjonar til å innlemme namnefaget i

undervisinga i norskfaget, og såleis skape interesse for faget og Namnelaget. Dette gjeld også nettundervising og senioruniversiteta.

2) Berit Sandnes: Språkrådets innsamlingsverktøy. Rundt 100 prosjekt er i gang i landet. Kontakte nøkkelpersonane, få dei til å melde seg inn i Namnelaget, og såleis halde fram med det interessante arbeidet sitt. Be Språkrådet tipse prosjektleiarane om at Namnelaget finst, tipse om litteratur og kompetansepersonar.

Eli Ellingsve: Namnelaget bør gje praktisk hjelp til prosjekta, til dømes lage ei liten informasjonsbrosjyre om korleis komme i gang.

4) Ingvil Nordland: Vi må tenke nytt med omsyn til målgrupper; slektsgranskarar, lokalhistorikarar, deltakarar på ulike kurs. Denne dagen har vist at det er stor interesse, at namnegransking er mangfaldig.

5) Gunnstein Akselberg: Det kan vere ei utfordring å få med dei unge i Namnelaget. Tenke nytt også i den pedagogiske forma, jf. Samuele Mascetti sitt foredrag på dugnadsgruppa *Framtidas onomastikk* i dag.

6) Foredrag mm. om faget må gjerast allment tilgjengelege.

Referent: Anne Svanevik